



BETRAKTNING OVER IKONET:

JESUS OG HANS VENN

På ikonet ser vi Jesus og ein egyptisk abbed frå ca. år 600 som heitte Menas.

Det er eitt av dei eldste bevarte ikona som vi har, og i dag heng det i Louvre i Paris.

Abbeden sitt namn står skrive til venstre for han. Til høgre for Jesus står det «Frelsar» på gresk.

Begge har glorie, eit teikn på ære som syner at dei er heilage. Det som spesielt med glorien til Jesus er at han har ein kross.

Jesus held ein bibel i handa si. Det er slik han kjem til oss i dag.

Abbeden peikar, for oss, mot Jesus med to fingrar.

Dei to fingrane viser til at Jesus har to naturar: Sann Gud og sant menneske.

Legg merke til at Jesus og abbeden er like høge. Saman med at handa til Jesus ligg på skuldra til abbeden viser dette til eit

forhold prega av vennskap der den eine ikkje gjer seg større enn den andre.

Joh 15,15: «Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva herren hans gjer. Eg kallar dykk vener...»

Jesus har likevel større augo enn abbeden. Han ser meir.

Abbeden skjeglar litt med venstre auge. Med eitt auge ser han mot Jesus og med eitt auge ser han på vegen som ligg framfor.

Abbeden har føter, men kva med Jesus? Er Jesu føter skrapa vekk, eller var dei ikkje der i utgangspunktet? Kanskje er tanken at Jesus i dag kjem til verda gjennom Menas og alle andre av oss som er Jesu vener.